



Vedtak for å førebyggje og avgrense koronasmitte

For å førebyggje og avgrense spreiring av Covid-19, beskytte sårbare grupper og bidra til å oppretthalde nødvendige helse- og omsorgstenester gjer kommuneoverlegen i Alver 15.03.20 følgjande vedtak, etter smittevernloven § 4-1:

1. Frå 15.03.2020 og i to veker er det krav til kjøpesentre, daglegvarebutikkar, kioskar og anna detaljvarehandel om:
 - a. Å leggje til rette for 1 meters avstand mellom menneske i alle lokale med varehandel, og tilhøyrande lokale.
 - b. tilstrekkelege smittevernrutinar for felles berøringspunkt som handlevogner, handlekurver, betalingsterminalar, handtak osv. Butikkeigarar og kjøpesenter-eigarar er med dette pålagd å ha rutinar for hyppig reingjering, samt å ha tilgjengeleg handsprit og liknande.
 - c. Salatbarar, opne godterihyller der kundar sjølv forsyner seg av godteri utan innpakning, og liknande, skal stengast.

2. I tråd med vedtaket i formannskapet 12.03.2020 skal DNT si hytte «Kalvedalshytta», vere stengd frå 15.03.2020.

Andre smittevernvedtak i Alver kommune for å avgrense koronasmitte

Formannskapet i Alver kommune vedtok 12. 03.2020 følgjande med heimel i smittevernloven § 4-1:

I. Arrangement og samankomstar

Ingen skal gjennomføre arrangement og samankomstar – inntil vidare. Dette gjeld både private og kommunale arrangørar.



II. Lag og organisasjonar

Lag og organisasjonar skal ikkje gjennomføre treningar og andre faste aktivitetar.

III. Kommunale bygg og aktivitetar

Kommunen stoppar utleige av alle kommunale bygg og eigedomar og stenger idrettshallar og svømmehallar. Kommunen avlyser i tillegg alle arrangement, all aktivitet og opplæring i regi av kulturskulen og stenger dei kommunale ungdomsklubbane.

IV. Besøk til sårbare grupper

Besøk til personar på institusjonar, bufellesskap, omsorgsbustader og andre institusjonar blir avgrensa til det som er heilt nødvendig. Alle som kjem på besøk skal følgje gjeldande besøks- og hygienereglar på staden.

Grunngjeving

Aktivitetar som inneberer felles berøringspunkt, til dømes matservering på buffé utgjør òg ein aktuell smittefare ettersom viruset overlever ei viss tid på ulike flatar. Matvarebutikkar og anna varehandel der menneske er samla utgjør ein reell smittefare, både fordi ein kjem i nær kontakt med andre, og fordi dette inneberer ei rekke felles berøringspunkt.

Covid-19 er erklært som eit alvorleg utbrot av allmenn farleg smittsam sjukdom som kan få alvorlege helsekonsekvensar for mange menneske. Verdens helseorganisasjon har erklært sjukdomen ein pandemi og ei alvorleg hending for internasjonal folkehelse.

Helsedirektoratet vedtok 12.03.20 omfattande tiltak for å hindre spreining av Covid-19 og for å bidra til å oppretthalde nødvendige helse- og omsorgstenester. Nasjonale myndigheiter har stengd ei rekkje verksemder, skular, barnehagar, og nedlagd forbod mot ei rekkje aktivitetar der menneske elles vert samla.

Kommuneoverlegen vurderer at smitteverntiltaket har ei medisinsk-fagleg grunngjeving. Tiltaket er naudsynt av omsyn til smittevernet og for å oppretthalde tilstrekkeleg smittvernkapasitet i kommunar og i helse- og omsorgstenesta. Kommunelegen vurderer at den samfunnsmessige nytten ved smitteverntiltaka er



viktigare enn eventuell belastning og ulempe for dei tiltaket gjeld. Frivillig medverknad er vektlagt i vurderinga.

Rettsleg grunnlag

Smittevernloven § 4-1 femte ledd gjev kommuneoverlegen, i kommunestyret sin stad , heimel til å setje i verk ulike tiltak i hastesaker, når det er naudsynt for å førebygge ein allmenn farleg smittsam sjukdom eller motverke at den blir overført i befolkninga.

Aktuelle tiltak framgår av bestemmelsens første ledd bokstavane a til e.

Grunnleggande krav ved iverksettjng av tiltak etter § 4-1 framgår av smittevernloven § 1-5: *"Smitteverntiltak etter loven skal være basert på en klar medisinskfaglig begrunnelse, være nødvendig av hensyn til smittevernet og fremstå tjenlig etter en helhetsvurdering. Ved iverksettelse av smitteverntiltak skal det legges vekt på frivillig medvirkning fra den eller de tiltaket gjelder.*

Tvangstiltak kan ikke brukes når det etter sakens art og forholdene ellers vil være et uforholdsmessig inngrep."

Terese Folgerø

Kommuneoverlege og smittevernoverlege
Alver kommune